

Ei heiderskvinne på Osterøy, tidlegare distriktsjordmor Edith Hansen, har gått bort. Ho vart 92 år gamal. Edith var fødd på bruket Leite i Uskedalen og vaks opp der som nesteldst i ein søskenflokk på 7. Ho vart utdanna ved Kvinneklubben i Bergen og var 7 år ved ein klinikk i Stavanger før ho kom til Osterøy og vart der.



I 1959 starta ho si eiga private fødestove fullt innreidd og utstyrt etter krava på den tida. Gjennom åra tok ho imot over 2000 ostringar og det heiter i minneorda i lokalavisa at det skjedd med varme, omsut og omsorg. Jordmora gav alle ein god start i livet.

Ho var på vakt i 30 år men trivdes alltid med jobben. Etterkvart kom det kitiske røyster mot slike stover og det vart slutt på dei. Men på Osterøy held jordmora ut lenge fordi ho gjorde fødselen til ein trygg og glad oppleving. Siste fødepasienten var i 1988. To år før fekk ho Kongens gull.

På den store innlandsøya vert ho kalla Osterøys Marthe Svennerud.

Av Ola Matti Mathisen